

ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG

Torsdag 8.nov. 2018 kl. 17 på Muritunet.

18 møtte.

Ballmiddag på Lupinen var første programpost. Folk gjorde ære på maten, alt smakte godt. Sjølve årsmøtet starta kl. 18.30 i Loftstova. Vi song "Samlesong" av Marta Schumann og leiar Mette Marie Døving ynskte velkomen med eit lite dikt.

Årsmøtesaker

Sak 1 Konstituering

Innkalling og sakliste – godkjende utan merknad.

Møteleiar – framlegg om Bjørg Kleppe – samrøystes vald.

To til å skrive under møteboka – framlegg om Vigdis Døving Mork og Brita Melchior

Relling – samrøystes valde.

Skrivar – framlegg om Sunneva Linge – samrøystes vald.

Sak 2 Årsmelding ved Mette Marie Døving

Merknader:

1. Det var omtale av Seterboka i bladet "Familien".

2. "Syng med oss" vart halde ca. 4 gonger.

Årsmeldinga vart godteken med desse 2 merknadene.

Undergruppene var nemnde i årsmeldinga:

Kafegruppa, Tur og aktivitetsgruppa, Nyføddgruppa, Syng med oss, Heimesida, Sanehagen, Full fres.

Vigdis D. Mork fortalde litt meir om aktivitetane i Kafegruppa.

Judith G.Krogh med Heimesida ynskte seg skriv og bilde frå tilstellingar ho sjølv ikkje deltok på. Frå Sanehagegruppa fortalde Judith om arbeid og feiring av paviljongen.

Full Fres har lege nede, det blir arbeidd med å få nye leiarar på plass.

Sak 3 Rekneskap ved Solveig Linge Stakkestad

Inntekt kr. 114 292,50. Utgifter kr. 95 805,61. Samla sum i banken kr. 255 168,61.

Rekneskapen var godkjend av revisorane Kristin V. Hjelme og Mette N. Valdahl

Kjell Rønning har hjelpt til med føring av rekneskapen. Han var til stades og hadde utfyllande kommentarar.

Årsmøtet godkjende rekneskapen.

Sak 4 Kontingent

Fylkeskontingent er kr. 120, kontingent sentralt kr. 550, samla kr.670.

Laget reknar åresalet som lokalkontingent.

Framlegg frå styret at lokalkontingenten framleis blir kr. 0 - godkjend .

VBK sponsar medlemene ein del, betaler m.a. ein del av utgiftene

til årsmøtemiddag og familiemiddag, turar, seminar og fylkesårsmøte.

NBK har og framforhandla ein del gode avtalar for medlemene.

Sak 5 Val ved Judith G. Krogh frå valnemnda.

| | | |
|--------|--------------------------------|--------------------------|
| Styre: | Solveig Linge Stakkestad leiar | 2018 – 2019 ny som leiar |
| | Nelly Ytterli | 2018 – 2020 ny som medl. |
| | Bjørg Sætren Kleppe | 2017 – 2019 ikkje på val |
| | Kristin Overå Alstadsæter | 2017 – 2019 ikkje på val |
| | Mette Marie Døving | 2018 – 2020 ny som medl. |
| 1.vara | Sunneva Linge | 2018 – 2019 ny |
| 2.vara | Eva Bergdahl Muribø | 2018 – 2019 attval |
| 3.vara | Mette Natland Valdahl | 2018 – 2019 attval |
| 4.vara | Else Rødal | 2018 – 2019 ny |

Kafegruppe:

Vigdis D. Mork, Eva Hanssen, Else Rødal, Inger Sissel Berdal, May Berli 2018 – 2019.

Tur og aktivitetsgruppe:

Brita M. Relling, Kristin O. Alstadsæter, Mette N. Valdal, Wenke Sylju 2018 – 2019.

Nyføddgåve: Randi Hole Heggen, Eva Hanssen 2018 – 2019.

Heimeside: Judith G. Krogh 2018 – 2019.

Sansehagen: Judith G. Krogh, Else Rødal 2018 – 2019.

"Syng med oss": Astrid Bakke Andersen 2018 – 2019.

Revisorar: Kristin V. Hjelme, Mette N. Valdal 2018 – 2019.

Valnemnd: Inger Sandnes - vald inn i staden for Nelly Ytterlid - 2018 – 2019.

3års bolk Kristin O. Alstadsæter 2017 – 2020.

Turid Aspehjel 2018 – 2021.

Sak 6 Godtgjersle

Styreframlegg om honorar til styremedlemer.

Etter diskusjon vart vedtaket slik:

2000kr. til leiar.

1500kr. til nestleiar, sekretær, kasserar.

1000kr. til styremedlem og 1.vara som møter fast.

Styret får fullmakt til å vurdere betaling til vara som møter av og til.

Sak 7 Årsplan 2019

Mette Marie las opp eit framlegg med dei faste oppgåvene.

2018 vart eit år med mange store ekstra oppgåver.

Styret ynskte diskusjon om årsplan, om kor mykje ein skulle ta på seg.

og framlegg til tema.

*Kveldstur og kveldsmat, lite frammøte i haust, kanskje finne ein annan variant.

*Internasjonal kafe var tidlegare populært med mange frammøtte.

*Tradisjonsmat – kurs for kurshaldarar.

*Etande lokale plantar, urtar – kurs ved Ingvill Hansen el. Wollen el. nonnene?

*Fårerull – kurs ved Eva H. og Else R.?

*Sjå på tal av store arrangement, fleire medlemsmøte med tema.

*Eventuelt byte på kva lag, ekstra tiltak ein støttar. Sjå på fortjeneste.

Sak 8 Eventuelt

*Vervekontakt blir Kristin O. Alstadsæter. Ho kan kontaktast med namn.

*Nettkurs 25. nov. på Molde. Nelly deltek, kanskje også Judith.

*Blåtur 19.nov. kl. 16.30, oppmøte på Syltekaia, heime ca. kl. 22.

Laget betaler reise og inngangsbillett, medl. betaler middagen.

Påmeldingsfrist 18. nov. 15 påmelde av årsmøtedeltakarane.

Kaffipausen er god å ha. Her fekk vi smake ei herleg Pavlovakake.

Åresal høyrer med, og det vart eple, småkake og bygg - gevinstar.

Det var også blomsterhelsing med takk for god innsats til leiar Mette Marie som

gjekk av som leiar, skrivar Sunneva som gjekk ut av styret, Kjell som har ført rekneskapen,

og Judith som har hatt mykje arbeid med Sansehagen og paviljongen.

Til slutt var det takk for no og vel heim etter ein lang, men triveleg VBK - kveld.

Sunneva Linge skrivar